Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Vaksdal kommune
Att.: Rådmann
Konsul Jebsensgate 16

5722 DALEKVAM

Revisjonsrapport nr. 7
(journalføres)

15. april 2020

REVISJONSRAPPORT 2019

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2019. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og opprethalde ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

3.1 Reiserekningar

Manglar knytt til reiserekningar vart teke opp i revisjonsrapport nummer 2, 3, 4, 5 og 6. Som venta er det ei betring då reiserekningar no vert behandla elektronisk. Vi har likevel i vår stikkprøve på ti tilfeldig valde reiserekningar oppdaga to kor det er manglar. For ei av dei manglar det kvittering for parkering. Det er i tillegg refundert utlegg for bespisning kor det ikkje er lagt ved tilfredsstillande kvittering, men kun ei kvittering frå kortautomat merka med «Ikkje kvittering for kjøp», slik at det ikkje er synleg kva

Penneo Dokumentnøkkel: K6U7P-M50S7-ZBXJE-KIFCN-605J0-NH5XC

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

for utgifter som vert refunderte. For den andre reiserekninga er det gitt køyregodtgjersle for ein dato som i tid fell etter at reiserekninga var signert av den tilsette.

Forskrift til skattebetalingsloven §§ 5.6 og 5.9 stiller følgjande krav til opplysningar ved reisegodtgjersle. Følgjande skal vere med:

- Arbeidstakar sitt namn, adresse og underskrift
- Dato og klokkeslett for avreise og heimkomst for kvar reise
- Formålet med reisa
- Kva arrangement arbeidstakaren har delteke på
- Framstilling av reiserute
- Tal på køyrde kilometer
- Namn på passasjer det vert kravd tillegg for
- Namn og type på overnattingsstad
- Oversikt over andre utlegg
- Originale kvitteringar skal leggjast ved

3.2 Rutinar bank

Ved vår gjennomgang av kommunen sine rutinar knytt til utbetalingar frå bank, observerer vi at det berre er krav om ein godkjenner for å utføra utbetalingar. Ei slik einefullmakt utset kommunen for uynskt risiko. I tillegg har kommunen manglande arbeidsdeling. Ein tilsett kan både foreta utbetalingar frå bank og utarbeide avstemming av den same bankkontoen. Lønsansvarleg og konsulent rekneskap har tilgang til kontoen for lønsutbetalingar. Kommunen har i 2019 forsøkt å utbedra tilhøvet ved å leggja inn sperre i økonomisystemet for at andre enn økonomisjef kan endra kontonummer for betaling til leverandørar. Kommunen bør likevel vurdere rutinane på fullmaktsstrukturen slik at arbeidsdeling føreligg for alle utbetalingar. Vi viser og til revisjonsrapport nummer 2, 3, 4, 5 og 6 der tilhøvet vart teke opp.

3.3 Rutinar løn

Månadleg skal ansvarleg for løn på einingane kontrollera at lønsdata for nytilsette er rett registrert i systemet. Det er ingen kontrollspor for denne kontrollen, og dermed kan ikkje tilsett på lønskontoret sentralt vite om kontrollen faktisk er utført. Sentralt blir det kontrollert at data frå lønssystem er rett registrert i rekneskapen. Grunnlaget vert berre kontrollert lokalt. Det er då risiko for at enkelte einingar ikkje har kontrollert det dei skal, noko som medfører auka risiko for feil på løn. Vi viser og til revisjonsrapport nummer 4 - 6 der tilhøvet vart teke opp. Vi tilrår kommunen å sjå på rutinane sine knytt til innlegging og oppfølging av faste data i lønssystem, for å sikre at faste data som ligg i lønssystemet er korrekte.

3.4 Leigetilhøve og krav på Sameiet Vaksdal Senter

Krav mot Sameiet Vaksdal Senter knyter seg til akkumulerte kommunale eigedomsgebyr og -skatt over fleire år, med i overkant av kr 200.000 i året. Samla på balansedagen er kravet i overkant av MNOK 1,3. Dette er diskutert med kommuneadministrasjonen både i år og tidlegare år. Selskapet har unnlate å betala, og det skuldast dårleg økonomi i selskapet. Rådgjevarar har tidlegare rådført kommunen til å driva sameiget til konkurs for å innfri kravet. Kommunen har imidlertid også andre interesser her då det har ein stor verdi å ha samfunnssal og nærbutikk i bygda Vaksdal. Dette fell bort ved ein konkurs. Kommunen tapsavset eldre krav mot selskapet. Revisjonen vil oppmoda administrasjonen om å løfta saka til politisk handsaming.

3.5 Tapsavsetjing kundefordringar

Kommunen har krav som er eldre enn 90 dagar på MNOK 2,3. Det er i 2019 gjort ei dokumentert tapsvurdering og kome på plass rutinar for løpande vurdering av utestående krav. Kommunen har auka tapsavsetjinga til MNOK 2. Revisjonen merkar seg den positive utviklinga.

Penneo Dokumentnøkkel: K6U7P-M50S7-ZBXJE-KIFCN-605J0-NH5XC

3.6 Budsjettering og budsjettjustering

Ved kontroll av inntekter frå brukarbetalingar og konsesjonskraft (netto) ser revisjonen at det er relativt store avvik mellom rekneskap og budsjett. Inntektene frå brukarbetaling for helse- og omsorgstenester i institusjon var MNOK 1,4 høgare enn budsjettert. Inntektene frå konsesjonskraft var MNOK 3,7 høgare enn budsjettert. Årsakene administrasjonen legg fram som forklaring for avvika er av ein slik karakter at det hadde vore mogleg å justere budsjettet før utløpet av rekneskapsåret. Revisjonen vil oppmoda om at ein tek omsyn til større budsejttavvik gjennom året for å ivareta realismekravet i kommunelova.

3.7 Ikkje betalt minimumsavdrag

Kommunen har ikkje betalt minimusavdrag for 2019. Berekna avdrag er av tilfredsstillande storleik sett opp mot kommunelova § 50, men per 31.12. er avdraget bokført som ei kortsiktig gjeld og pengane som skulle vore nytta til avdrag står framleis til kommunen sin disposisjon. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har presisert, seinast våren 2017, at avdrag skal betalast innan utløpet av rekneskapsåret avdraget gjeld for. I den nye kommunelova § 14-18, som trer i kraft for rekneskapsåret 2020, er denne fortolkinga lovfesta. Kommunen grunngjev manglande betaling med at avdraget vart halde attende då kommunen fekk eit godt tilbod om å plassera pengar til ei rente over innlånsrenta. Avdraget er planlagt betalt i juni 2020. Revisjonen meiner dette tilhøvet er eit brot på kommunelova § 50, og vil som konsekvens gje ei presisering om tilhøvet i revisjonsmeldinga.

3.8 Klassifisering i rekneskapen

Konto for tap på krav er i rekneskapen klassifisert som annan kortsiktig gjeld. Beløpet har tidlegare vore konkludert med at det har vore uvesentleg for reklassifisering. I lys av veksten i eldre krav er revisjonen av den oppfatning at tap på krav bør klassifiserast som ein (negativ) fordring i rekneskapen.

4 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2019. Vi har lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendig og at eigedelar og utgifter er gyldige og eksisterer. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivingar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen.

5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nytta høve til å takke for samarbeidet.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

Penneo Dokumentnøkkel: K6U7P-M50S7-ZBXJE-KIFCN-605J0-NH5XC

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe
Statsautorisert revisor
Serienummer: 9578-5995-4-99839
IP: 217.173.xxx.xxx
2020-04-15 17:10:09Z

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: K6U7P-M50S7-ZBXJE-KIFCN-605J0-NH5XC

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**